

# Vike kyrkjeruin i Vikersund, Modum i Buskerud




Ruinen sett mot nord-aust.  
Foto: Kjersti Tidemansen © Buskerud fylkeskommune



Olavsspenning  
Foto: Bjørn Johnsen © Drammens museum



Kor og korponing mot vest.  
Foto: Kjersti Tidemansen © Buskerud fylkeskommune



Rekonstruksjon av Vike kyrkje.  
Tegning: Geir Helgen

## Lokalisering

Vike kyrkjeruin ligg vakkert til på ein terrasse i lia på austsida av Vikersundet, nå på garden Østre Vike sin grunn. Kyrkjeruinen ligg ca. 2,5 kilometer frå Heggen kyrkje, som er hovudkyrkja i Modum sokn i dag. Vike kyrkje har ligge i eit sentralt område, eit par hundre meter aust for sundstaden over sørenden av Tyrifjorden.

## Historikk

Vike kyrkje var truleg bygd i siste halvdel av 1200-talet. Under arkeologiske undersøkingar av ruinen i 1969-70 vart det funne 92 myntar, der den eldste er frå midten av 1200-talet og størstedelen av myntane frå slutten av 1200-talet.

Vike kyrkje er omtala som soknekyrkje i eit brev frå 1456, "Wik sokn", og er framleis i bruk og nemnt i brev frå 1512 "(..) wij worum a Vikæ kirke garde". Den vart truleg nedlagt i tida kring reformasjonen i 1537. Pouel Huitfeldt nemner i si stiftsbok frå 1574-77 Vike annekset, og at landskulda er lagt inn under Heggen kyrkje. Ved biskop Jens Nilssøn sin visitas av Heggen kyrkje i 1595, er Vike kyrkje "(..) saa gaat som forfalden".

Dei arkeologiske undersøkingane viste at kyrkja har hatt eit rektangulært skip på 10 x 15 meter. Koret har vore 6,5 x 6,5 meter. I skillemuren mellom skip og kor er det ei koropning, og skipet har hatt vestportal og inngang i vest. Kyrkja har hatt hovudaltar ved austmuren i koret, og sidealtar på kvar side av koropninga. Sidealta har hatt ciborium, baldakiner eller overbygningar over seg. Biskop Jens Nilssøn skildrar i 1595 at kyrkja har spir.

Innvendig har kyrkja truleg hatt kalkmåleri av raudmåla geometriske figurar. Utgravinga avdekte kalkbitar av dette, i tillegg til ein del av eit blyinnfatta vindaug med ruterforma glasruter. Det blir hevda at fleire mellomalderskulpturar frå Heggen kyrkje opprinneleg tilhørde Vike kyrkje. Desse er i dag i Drammens museum saman med ein Olavsspenning frå døra til Vike kyrkje.

Fleire forfattarar på 1800-talet har nemnt at murane til kyrkja sto til kring 1700. L.D. Klüwer nemner at stein frå murane til Vike kyrkje vart brukt til tverrarmene på Heggen kyrkje. Det er også brukt stein til husbygging på gardane rundt Vike fram til 1900-talet.

## Undersøkingar og konservering

Dei arkeologiske undersøkingane av ruinen 1969-70 vart leia av Luce Hinsch. Rivinga av murene i kyrkja har vore omfattande, og berre fundament er bevarde bortsett frå skillemuren mellom skip og kor som er ca. 1,5 meter høg. Murane er konserverte, og forsvunne murar er markert med steinheller.

## Dagens situasjon

Ruinen sin tilstand er god. Riksantikvaren samarbeider med Modum kommune om skjøtsel av ruinen og området rundt (grasplen). Buskerud fylkeskommune har satt opp nytt informasjonsskilt ved ruinen. Den er også skilta frå riksveg 284.